



**Saksframlegg**

**Plan for trafikksikring**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for landbruk og teknikk		
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Dokument i saka:** Tidligere godkjent – Plan for trafikksikring.  
Kommunestyret vedtok planen den 24.10.1996.

**Bakgrunn for saka:**

Arbeid med trafikksikring er viktig i einkvar kommune. Ved hjelp av midlar frå "Aksjon skuleveg" tildela frå Fylkets trafikksikkerhetsutval i Telemark (FTU), vart det på 90 – talet gjennomført fleire tiltak for å auke trafikktryggleiken i kommunen. Som det går fram av namnet, var dette i hovudsak tiltak som skulle gjere skulevegen tryggare. Av konkrete tiltak kan nevnt div. sperregjerde i området rundt Gimle skule og fortaug langs Århusvegen / Sitjevegen med gateljos. Det vart og montert gateljos på strekninga frå Rv. 355 til barnehagen. Eit av krava for å få tildela midlar til trafikksikringstiltak, såkalla Aksjon skulevegmidlar er at kommunen har ein godkjent plan for trafikksikring.

Fylgjande personar er med i trafikksikringsutvalet

Odd Skeivoll - representant for lensmannskontoret  
Kjell Åge Iversen - representant for råd for menneskje med nedsett funksjonsevne  
Siw Berve - representant for hovudutvalet for landbruk og teknikk  
Thorstein Wøllestad - representant for bussjåførane  
Svein Slyngstad - representant for born og ungdom i Fyresdal  
Hallgeir Lund - representant for plan og teknikk i kommunen og sekretær i gruppa

Kva mandat har trafikksikringsutvalet : Utarbeide ein plan for trafikksikring. Denne planen skal innehalde prioriterte punkt for trafikksikring i kommunen. Målet er at denne planen skal godkjennast av kommunestyret. Ein godkjent kommunal plan for trafikksikring er ein føresetnad for å kunne søke Fylkets trafikksikkerhetsutval i Telemark om tilskot til trafikksikkerhetstiltak, (Aksjon skuleveg).

Trafikksikringsutvalet har vore samla den 04.06.2009 og den 15.10.2009. Utvalet har utarbeidd ein plan med prioriterte punkt for trafikksikring. Dette er likevel ikkje ei absolutt prioritering av rekkefylgja tiltaket skal utførast i.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål for 2009 i sektor for plan og teknikk. Etaten har som mål å oppdatere trafikktryggleiksplan. Det er viktig at kommunen generelt har fokus på trafikktryggleik.*

**Prioritert plan for trafikksikring i Fyresdal**

- Punkt 1 : Gang- sykkelveg langs riksveg 355 på strekninga frå Kommunehuset til Molandsmoen. Dette tiltaket vil gjere skulevegen tryggare for mange skuleelevar.
- Punkt 2 : Fullføre gateljosstrekninga langs riksveg 355 frå hotellet til Molandsmoen. I dag er det kun strekninga frå Bankkrysset til Bondal, ca. 500 m. som har gateljos som stettar Statens vegvesen sine krav. Utviklinga på Molandsmoen med ny forretning, bensinstasjon og mange arbeidsplassar gjer at strekninga har mange mjuke trafikantar. Det er naturleg å sjå på punkt nr. 1 og 2 som del av same tiltaket.
- Punkt 3 : Ny avkøyring frå riksveg 355 med ny veg til helsehuset, barnehagen og Gimle skule. Denne omlegginga av eksisterande veg, fortaug og busslommer vil auke trafikktryggleiken for skuleelevane. Området har og stor aktivitet på kveldstid. Det er viktig at det her vert lagt til rette for funksjonshemma.
- Punkt 4 : Forlengje dagens 60 km sone langs riksveg 355 til nord for Skeisteinen på Molandsmoen. Som nemnt i punkt 2 har strekninga mange mjuke trafikantar.
- Punkt 5 : Legge til rette for to busslommer på Veum. Desse må merkast og brøytast. Det er viktig at skuleelevar kan gå på og av bussen på ein tryggast mogleg måte. Difor må ein og arbeide for at elevane i Hegglandsgrend går på bussen ved avkøyringa til Taraldlien og ikkje ved Lislestog der det er svært uoversiktleg.
- Punkt 6 : Tydeleg skilting av parkeringsplassar for funksjonshemma. To stk. ved ICA og Joker og ein ekstra brei ved NAV kontoret. Det er viktig at skiltinga er synleg om vinteren.
- Punkt 7 : Montere trafikkspiegel i krysset mellom Skomdal og Austad i sentrum.
- Punkt 8 : Generell rydding av vegetasjon langs vegkantar og i siktsoner.
- Punkt 9 : Gateljos langs riksveg 355 i Hegglandsgrend på strekninga frå Grendehuset (barnehagen) til Lislestog. I dag har strekninga nokre få spreidde punkt som ikkje stettar Statens vegvesen sine krav.
- Punkt 10: Vurdere 60 km sone langs fylkesvegen i Birtedalen på strekninga frå Haugen til snuplassen i enden av vegen. I periodar med mange hytteturistar er det relativt mange mjuke trafikantar langs strekninga.
- Punkt 11: Vurdere tiltak for å minske trafikken og farten langs Sitjevegen i Tøddebakkane.

**Konklusjon:**

Prioritert plan for trafikksikring i Fyresdal bør godkjennast slik den ligg føre frå trafikksikringsutvalet.

## **Innstilling frå rådmannen:**

### **Prioritert plan for trafikksikring i Fyresdal**

- Punkt 1 : Gang- sykkelveg langs riksveg 355 på strekninga frå Kommunehuset til Molandsmoen. Dette tiltaket vil gjere skulevegen tryggare for mange skuleelevar.
- Punkt 2 : Fullføre gateljosstrekninga langs riksveg 355 frå hotellet til Molandsmoen. I dag er det kun strekninga frå Bankkrysset til Bondal, ca. 500 m. som har gateljos som stettar Statens vegvesen sine krav. Utviklinga på Molandsmoen med ny forretning, bensinstasjon og mange arbeidsplassar gjer at strekninga har mange mjuke trafikantar. Det er naturleg å sjå på punkt nr. 1 og 2 som del av same tiltaket.
- Punkt 3 : Ny avkøyring frå riksveg 355 med ny veg til helsehuset, barnehagen og Gimle skule. Denne omlegginga av eksisterande veg, fortaug og busslommer vil auke trafikktryggleiken for skuleelevane. Området har og stor aktivitet på kveldstid. Det er viktig at det her vert lagt til rette for funksjonshemma.
- Punkt 4 : Forlenge dagens 60 km sone langs riksveg 355 til nord for Skeisteinen på Molandsmoen. Som nemnt i punkt 2 har strekninga mange mjuke trafikantar.
- Punkt 5 : Legge til rette for to busslommer på Veum. Desse må merkast og brøytast. Det er viktig at skuleelevar kan gå på og av bussen på ein tryggast mogleg måte. Difor må ein og arbeide for at elevane i Hegglandsgrend går på bussen ved avkøyringa til Taraldlien og ikkje ved Lislestog der det er svært uoversikleg.
- Punkt 6 : Tydeleg skilting av parkeringsplassar for funksjonshemma. To stk. ved ICA og Joker og ein ekstra brei ved NAV kontoret. Det er viktig at skiltinga er synleg om vinteren.
- Punkt 7 : Montere trafikkspegel i krysset mellom Skomdal og Austad i sentrum.
- Punkt 8 : Generell rydding av vegetasjon langs vegkantar og i siktsoner.
- Punkt 9 : Gateljos langs riksveg 355 i Hegglandsgrend på strekninga frå Grendehuset (barnehagen) til Lislestog. I dag har strekninga nokre få spreidde punkt som ikkje stettar Statens vegvesen sine krav.
- Punkt 10: Vurdere 60 km sone langs fylkesvegen i Birtedalen på strekninga frå Haugen til snuplassen i enden av vegen. I periodar med mange hytteturistar er det relativt mange mjuke trafikantar langs strekninga.
- Punkt 11: Vurdere tiltak for å minske trafikken og farten langs Sitjevegen i Tøddebakkane.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Hallgeir Lund
	avdelingsingeniør